

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Bergen HF

**DATO:** 15.02.2018  
**SAKSHANDSAMAR:** Lasse Hatletvedt  
**SAKA GJELD:** **Årleg gjennomgang av styreinstruks/styrande dokument**

**STYRESAK:** 20/18 0

**STYREMØTE:** 22.02.2018

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar gjennomgangen av styreinstruks og styrande dokument til orientering.

## Oppsummering

Det skal i følge årshjulet for styret vere ein årleg gjennomgang av styreinstruks og styrande dokumentasjon for Helse Bergen HF. I denne saka blir det gitt ei oversikt over dei ulike dokumenta som gjeld.

## Fakta

Den styrande dokumentasjonen i Helse Bergen er satt saman som følgjer:

### Vedtekter for Helse Bergen

Desse blei fastsatt i stiftingsmøte 5. desember 2001.

### Instruks for styret

Instruksen for styret blei sist oppdatert i oktober 2013. Endringa då kom som ei følge av eit vedtak i styret for Helse Vest RHF om revidering av instruksar for styret og administrerande direktør i helseføretaka. Bakgrunnen for revisjonen var behovet for å oppdatere instruksverket i høve endringar i lovgiving og styrande dokument frå eigar.

Styresak 59/13 som viser kva for endringar som blei gjort er vedlagt denne saka.

Styreinstruksen kjem med dei to vedlegga:

1. Instruks for styret i Helse Bergen HF om forholdet til universiteter og høgskoler
2. Oversikt over arealer som universiteter og høgskoler har leie-, bruks- og eller disposisjonsrett til i Helse Bergen HF

### Instruks for administrerande direktør

Instruksen for administrerande direktør blei sist oppdatert i oktober 2013, samtidig med gjeldande instruks for styret. Endringane som blei gjort er omtalt i Styresak 59/13.

### Rettleiar i styrearbeid i helseføretaka

Denne er felles for styra i Helse Vest og vart sist oppdatert i april 2011. Denne rettleiaren gir ei orientering om styrearbeid i helseføretak og skal bidra til rolleforståinga og rolleutøvinga til styra.

### Etiske retningslinjer

Dei overordna etiske retningslinjene er felles for heile Helse Vest og er samla i dokumentet *Etiske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest*. Meir detaljerte retningslinjer for konkrete område som mellom anna teieplikt, rekruttering og handel, finst i Personalhandboka.

## Vedlegg

1. Vedtekter for Helse Bergen HF
2. Instruks for styret i Helse Bergen HF
3. Vedlegg til Instruks for styret i Helse Bergen HF om forholdet til universiteter og høyskoler
4. Vedlegg til instruks for styret i Helse Bergen HF Arealer som universiteter og høyskoler har leie bruks- og eller disposisjonsrett til i Helse Bergen HF
5. Instruks for administrerende direktør i Helse Bergen HF
6. Rettleiar Styrearbeid i helseføretak
7. Etske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest
8. Styresak 59-13 Revidert instruks for styre og administrerende direktør